



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Pressemelding

Dato: 10. juni 2013

1,4 million kroner til Lokal samfunnsutvikling i Oppland

Oppland fylkeskommune vil styrke sitt samarbeid og oppfølgingsarbeid overfor kommunane med å utvikle attraktive stader.

Kommunal- og regionaldepartementet tildeler 30 nye millionar kroner til fylkeskommunane for at dei skal halde fram med å vidareutvikle si samhandling med kommunane.

- Mitt inntrykk er at mange kommunar no arbeider aktivt med å utvikle attraktive lokalsamfunn ved at dei samarbeider med fylkeskommunen om kompetanse og kapasitet, seier kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete.

Oppland fylkeskommune skal arbeide med fem regionale tiltak:

- "Otta - byutvikling i et regionalt perspektiv" som skal klargjere kva som kan gjere Otta til eit attraktivt regionsenter.
- Kulturvegen – tettstadene ved gamle E6 i Midt - Gudbrandsdalen som skal gjere noverande E6 attraktiv, som alternativ kjøyrerute på strekninga med ny E6 Fåvang - Kvam (ev. Otta) og bidra til å utvikle marknaden for verksemder langs vegen.
- Sette i verk strategisk næringssamarbeid i Lillehammer-regionen – utgreiingar og tiltak.
- Byutvikling i Gjøvik gjennom å bidra med kapasitet og kompetanse.
- Sentrumsprosjekt for Gran sentrum.

Kommunal- og regionaldepartementet sin pressetelefon: 22 24 25 00